



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2011

Hovudutval for samferdsle



Hovudutval for samferdsle legg med dette fram årsmelding for 2011.

Årsmeldinga er utarbeidd av samferdsleavdelinga.
Det er innhenta materiale frå Statens vegvesen Region vest.

Hermansverk, april 2012

Hovudutval for samferdsle

Arnstein Menes (Sp), leiar
Helen Hjertaas (Ap), nestleiar

Anders Ryssdal (Sp)	Ole Gunnar Krakhellen (H)
Bjørg Bergheim (Sp)	Frank Willy Djuvik (FrP)
Odd Atle Stegegjerdet (Ap)	Norunn Lunde Furnes (KrF)
Olin Johanne Henden (H)	

Velaug Veum
Fylkesdirektør for samferdsleavdelinga

INNHOLD

POLITISK STYRING	1
HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE.....	1
TRAFIKKTRYGGINGSUTVALET.....	2
ADMINISTRASJON - SAMFERDSLEAVDELINGA	2
FELLES.....	2
SAMFERDSLE.....	3
SAMFERDSLEAVDELINGA	3
<i>Rammevilkår/økonomi.....</i>	<i>3</i>
<i>Organisering.....</i>	<i>3</i>
REGIONAL TRANSPORTPLAN (RTP) 2014–2023.....	3
KOLLEKTIVTRANSPORT	3
<i>Økonomi.....</i>	<i>3</i>
<i>Bussruter med rekna skuleskyss</i>	<i>3</i>
<i>Båtruter.....</i>	<i>4</i>
<i>Ungdomstilbod.....</i>	<i>5</i>
<i>Kampanjeplakat ved oppstart av elektronisk ungdomskort 1. juni 2011.....</i>	<i>6</i>
<i>Drosjer</i>	<i>6</i>
<i>Marknadstiltak.....</i>	<i>7</i>
<i>Ruteinfo</i>	<i>7</i>
<i>Universell utforming.....</i>	<i>8</i>
<i>Takstar.....</i>	<i>8</i>
ANBOD	9
<i>Båt.....</i>	<i>9</i>
<i>Samarbeid med andre.....</i>	<i>9</i>
FYLKESVEGAR.....	9
<i>Sams vegadministrasjon.....</i>	<i>9</i>
<i>Handlingsprogram for fylkesvegnettet</i>	<i>10</i>
<i>Ressursbruk.....</i>	<i>10</i>
<i>Store skader på fylkesvegvegenettet i 2011.....</i>	<i>10</i>
<i>Forfall på fylkesvegnettet</i>	<i>10</i>
<i>Programområde 62 Vegar.....</i>	<i>11</i>
<i>Drift- og vedlikehald.....</i>	<i>11</i>
<i>Fylkesvegferjene</i>	<i>11</i>
<i>Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak</i>	<i>11</i>
<i>Veginvesteringar og rassikring.....</i>	<i>11</i>
<i>Store vegprosjekt</i>	<i>13</i>
Fv. 4 Brandangersundet.....	13
Fv. 616 Bremangersambandet.....	13
Fv. 609 Dalsfjordsambandet	13
Fv. 60 Olden - Innvik	14
<i>Nøkkeltal for fylkesvegnettet</i>	<i>14</i>
FYLKESTINGSSAKER FOR SAMFERDSLE	16
SAKSOVERSYN 2011	17
MÅLEKART – SAMFERDSLE	19

POLITISK STYRING

Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle var fram til valet hausten 2011 sett saman slik:

Representantar	Vararepresentantar
Arnstein Menes (Sp), leiar Margretha Nexelsaker (Sp) Asgeir Solheim (Sp)	1 Marit Aafedt Fjærstad 2 Ivar Kvalen 3 Amund Soltveit 4 Therese Helland
Nils P Støyva (Ap) Clara Øberg (Ap)	1 Bjørn Årevik 2 Laila Rinde 3 Arvid Stenehjem 4 Geir Henning Hansen
Ole Gunnar Krakhellen (H)	1 Arve Mjømen 2 Berit Seljeset Osa 3 Frida Melvær
Frank Willy Djuvik (Frp)	1 John Kåre Larsen 2 Lars Svein Drabløs 3 Anny Helen Urtegård
Trude Brosvik (KrF), nestleiar	1 Gunn Helgesen 2 Hermund Alme
Marit Barsnes Krogsæter(V)	1 Svanhild Otterøy Lote 2 Atle Winjum

Hovudutval for samferdsle var ved utgangen av 2011 sett saman slik:

Representantar	Vararepresentantar
Arnstein Menes (Sp), leiar Anders Ryssdal (Sp) Bjørg Bergheim (Sp)	1 Tore Bråstad 2 Gro Starheimsæter 3 Jan Magne Herstad 4 Martine Stensrud Holsæter 5 Ragnhild Marie Solheim
Helen Hjertaas (Ap), nestleiar Odd Atle Stegegjerdet (Ap)	1 Laila Rinde 2 Harald Offerdal 3 Arvid Stenehjem 4 Srilogarajah Pasupathi 5 Marie Helene Brandsdal
Ole Gunnar Krakhellen (H) Olin Johanne Henden (H)	1 Bjørn Nordberg 2 Harald Kvame 3 Marte Heimdal Leirvåg 4 Sissel Loen
Frank Willy Djuvik (Frp)	1 Lars Kjølen 2 Elin Merete Førde 3 Anders Magne Vik
Norunn Lunde Furnes (KrF)	1 Bjørn Harald Haugsvær 2 Frode Bøthun 3 Maren Kristine Håland

Trafikktryggingsutvalet

Følgjande personar var medlemmar i trafikktryggingsutvalet fram til valet i 2011:

Representantar	Vararepresentantar
Åshild Kjelsnes (Ap), leiar	Nils P Støyva Olaug Solheim Rotihaug Bjørg Årevik
Arnstein Menes (Sp), nestleiar	Margretha Navelaker Randi Rønneklev Melvær
Edith Aarebrot Madsen	Ole Gunnar Krakhellen Olin Johanne Henden Odd Magne Skjerping
Frank Willy Djuvik	Elin Merete Førde John Kåre Larsen Kari Lie
Norunn Lunde Furnes (KrF)	Solveig Masdal Haugsvær Stein Oltedal Frode Hovland

Følgjande personar var medlemmer i trafikktryggingsutvalet ved utgangen av 2011:

Representantar	Vararepresentantar
Liv Stave (H), leiar	Anita Jørانli Heggen Einar Målsnes Anders Kristian Sægrov
Nils P. Støyva (Ap) nestleiar	Odd Atle Stegegerdet Helene Hjertaas Henrik Oppen
Bjørg Bergheim (Sp)	Arnstein Menes Gro Starheimsæter Tore Bråstad
Alfred Bjørlo (V)	Frank Willy Djuvik Rita Navarsæte Britt Dalsbotten
Norunn Lunde Furnes (KrF)	Beate Bondevik Lie Frode Bøthun Hanna Sofie Sæterlid

ADMINISTRASJON - SAMFERDSLEAVDELINGA

Felles

Velaug Veum, fylkesdirektør
Liv-Wenche Hjelmeland, konsulent

Veg:
Ole Ingar Hæreid, nestleiar
Lars Erik Lunde, rådgjevar
Kåre Forslund, rådgjevar
Øystein Wilkensen, rådgjevar

Kollektiv:
Eva S. Fosshagen, fagkoordinator kollektiv

Oddveig Hove, førstekonsulent
Monica Åsnes, førstekonsulent
Øystein Hunvik, rådgjevar
Eva Hamre, rådgjevar
Inge Horstad, rådgjevar

Tilsette frå 1.9.2011:
Knut Gunnar Fonn, spesialkonsulent
Inger Grete Skjeldestad, spesialkonsulent
Jens Petter Bøe, spesialkonsulent

SAMFERDSLE

Kvar einaste dag er samferdsla heilt naudsynt for den einskilte, enten vi som menneske går, syklar, reiser kollektivt, reiser med bil, sender eller mot tek varer og gods.

Visjon for samferdsla i Sogn og Fjordane er:

Vi skal ha eit fylke der det er trygt og enkelt å ferdast

Samferdsleavdelinga

Rammevilkår/økonomi

Samferdsla i fylket hadde i 2011 eit samla driftsbudsjett på 951,2 mill. kr. Midlane gikk til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, kollektivtrafikk, ferjedrift, trafikktrygging og investeringar.

Regional transportplan (RTP) 2014–2023

Fylkestinget vedtok i desember 2011 å starte opp arbeidet med eit planprogram for RTP. Planprogrammet er ein plan for korleis arbeidet med transportplanen skal skje.

RTP skal vere eit godt kunnskaps- og verdigrunnlag og ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i fylket.

Kollektivtransport

Økonomi

Samferdsle sitt budsjett vart for 2011 utarbeidd på grunnlag av fleirårige avtalar for kjøp av busstjenester og båtrutetenester, i tillegg til andre avtalar. Budsjettet til kollektivtransport var i 2011 på 335,2 mill. kr. Innan kollektivtrafikken går vel 204,2 mill. kr til bussruter og 104 mill. kr til båtruter, inkl. skuleskyss.

Andre tiltak i budsjettet til kollektivtrafikk er mellom anna ulike ungdomstilbod, godsruter, passasjerterminalar, tilrettelagt transport og marknadsplan.

Kommunane Flora og Gulen fekk til saman 5,5 mill. kr for kompensasjon for meirutgifter på lokale båtruter.

Bilen er utan tvil den viktigaste forma for dagleg persontransport. Bussar og båtar si rolle har vore relativt konstant, i alle høve om lag sidan 1990.

Organisering

Samferdsleavdelinga er leia av fylkesdirektør for samferdsle. Det er tilsett tre nye personar innan kollektivtrafikkområdet i 2011.

RTP med eit handlingsprogram skal erstatte strategisk samferdsleplan og handlingsprogram for fylkesvegnettet. Fylkestinget skal godkjenne Regional transportplan i desember 2013.

Rekneskapen for 2011 syner eit mindreforbruk på om lag 0,8 mill. kr i høve budsjettet for programområde 63 samferdsle - kollektivtrafikk.

Bussruter medrekna skuleskyss

Totalt vert det kjøpt tenester frå rutebilselskapa for 199,7 mill. kr i 2011. Fylkeskommunen brukar 31 mill. kr til undertransportørar, og 262 mill. kr til bussruter. Til fråtrekk kjem 100 mill. kr i inntekter.

Kjøp av personruter med buss vert kostnadsrekna utifrå ein km-pris. Den var kr 23,86 pr. kilometer i 2011, noko som er 3,85 prosent høgare enn i 2010. Kilometerprisen har fire komponentar i seg: Drivstoff, løn, kapitalkostander og andre kostnader.

Årsmelding 2011

Komponentane som gir oss størst kostnadsauke kvart år er stort sett drivstoff og løn.

Rutetilbodet vart vidareført i 2011 med nokre små endringar.

Bussrutene i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1 590 758 passasjerar i 2011, som er ein nedgang i høve 2010 på 11 810 passasjerar. Passasjertalet syner vanleg reisande utanom skuleelevar.



Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet.

Beleggsprosenten (passasjerkilometer / plasskilometer) for personruter med buss med fylkeskommunalt tilskot var i 2010 på 24,6 %. I 2010 var talet 26,4 %.



Bilde frå Firda Billag Buss AS

Båtruter

For 2011 vart det kjøpt bygderuter for 16,3 mill. kr. Fylkeskommunen yter tilskot til følgjande ruter:

- Barmen – Barmsund
- Selje – Seljeøya
- Flora kommune
- Askvoll – Alden
- Solvorn – Ornes
- Refusjon Austrefjordvegen

Ekspressbåtrutene og Kystvegekspresen fekk 76,5 mill. kr i tilskot i 2011.

I tillegg til bygderuter vart det kjøpt skuleskyss med båt for 2,2 mill. kr. Fylkeskommunen vidareførte ordninga med båtruta frå Atløy til Askvoll i korrespondanse med buss til Dale vidaregåande skule.

Aurland kommune fekk eit tilskot på kr 728 000 til dekking av skuleskyss med båt for 2011, noko som er tilsvarende kostnaden for buss til/frå Sogndal.

I 2011 reiste 516 983 passasjerar med dei fylkeskommunale båtrutene. Dette er ein auke på 17 174 frå 2010. I tillegg til dette kjem skuleelevar som nyttar båt til/frå skulen.




Snøggbåtrutene mellom fylket og Bergen.

Aktivetsområde	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Differanse
Passasjerbåtruter,	75 910	76 482	-572
Bygderuter med båt	15 939	16 289	-350
Bussruter medrekna skuleskyss, kompetanseløftet	199 701	200 732	-1 031
Kollektivtilbod; buss med godt trafikkgrunnlag	3 000	2 251	749
Skuleskyss med båt og skuleskyss utanfor rute	3 692	3 668	24
Godsruter med bil og båt	3 620	3 583	37
Refusjon Flora og Gulen	5 500	5 500	0
Tilrettelagd transport og refusjon følgjekort	5 560	5 565	-5
Serviceskyss	2 000	2 150	-150
Planlegging og andre driftsutgifter	300	0	300
Ungdomskort	8 000	7 876	124
“Trygt heim for ein 50-lapp”	1 200	1 082	118
“Trygt heim for ein 50-lapp”, vidareutvikling	950	193	757
Lokale transporttilbod for ungdom	1 000	968	32
Marknadsplan	1 200	1381	-181
Felles ruteopplysingsteneste 177	882	1099	-217
Fylkesdekkande rutehefte	869	881	-12
Passasjerterminalar	1 900	1 458	442
Vestlandssamarbeidet	50	0	50
Reisevaneundersøking	30	0	30
Treningsruter for barn og unge	750	750	0
Elektronisk billettering (EMV)	700	819	-119
Uføresette og andre utgifter	463	197	266
Tilskot Aurland – Sogndal	728	728	0
KID og BRA midlar	495	0	495
Anbod Buss	800	800	0
Sum	335 239	334 452	787

Ungdomstilbod

Ungdomskort

Fylkeskommunen nytta 7,88 mill. kr til ungdomskort i 2011. Dersom det vert sett vekk frå juli og august då bruken er låg, vart det i 2011 i snitt seld 1 053 oblat til ungdomskort per månad. 16,2 % av ungdommane i alderen 16-19 år i Sogn og Fjordane nytta ungdomskortet i 2011, ein nedgang på 5,5 % frå året før.



«Trygt heim for ein 50-lapp»

Det vart nytta nærmare 1,4 mill. kr til «Trygt heim for ein 50-lapp» i 2011, 0,2 mill. kr

Årsmelding 2011

meir enn budsjettert. «Trygt heim for ein 50 – lapp» har som mål å få ungdom trygt heim frå tettstadar etter festar og andre arrangement i helgane. Transporten vert utført av drosje. For skuleåret 2011/2012 går tilbodet frå Eid, Stryn, Sogndal, Førde, Florø, Sandane, Høyanger og Øvre Årdal natt til søndag. Det er totalt 33 ruter på dei åtte nemnde tettstadene med 17 faste ruter og 16 tingingsruter. Høyanger og Stryn har berre tingingsruter, medan dei andre stadene har ei blanding av faste ruter og tingingsruter. Frå Øvre Årdal går tilbodet nokre gonger i året.

Det var 7 973 passasjerar som nyttar «Trygt heim for ein 50-lapp» i 2011, noko som er ein liten nedgang frå året før. I 2011 var det 887 passasjerar som nyttar «Trygt heim for ein 50-lapp» om sommaren. I tillegg går nokre midlar til russebuss og diverse andre arrangement.

Lokale Transporttilbod

Det vart nytt 0,97 mill. kr til Lokale transporttilbod for ungdom i 2011. Til Lokale transporttilbod for ungdom (LTU) kan kommunar og ungdomsråd søkje om midlar til transport som skal gjere det lettare for ungdom å kome seg til og frå fritidsaktivitetar, spesielt om kveldane. I 2011 fekk 17 kommunar i fylket utbetalt tilskot.



Kampanjeplakat ved oppstart av elektronisk ungdomskort 1. juni 2011

Ungtransport.no

Det eksisterer ei eiga nettside for alle ungdomstilboda fylkeskommunen organiserer. Formålet med [ungtransport.no](#) er å auke bruken av dei fylkeskommunale transporttilboda hjå ungdom.

[Ungtransport.no](#) presenterer tilboda «Trygt heim for ein 50-lapp», Lokale transporttilbod for ungdom, ungdomskort og skuleskyss.

Drosjer

I 2011 var det 2 færre drosjeløyve på vanlege bilar og 4 færre tilrettelagde drosjer.

Ved utgangen av 2011 var det til saman 43 drosjer tilrettelagde for rullestolbrukarar i Sogn og Fjordane. Den relative delen tilrettelagde drosjer var 25 % i 2011 mot 27 % i 2010. Kommunane Hornindal, Eid, Høyanger, Aurland og Hyllestad hadde ikkje drosje tilrettelagd for rullestolbrukarar ved utgangen av 2011. Hyllestad kommune har ikkje drosjer i det heile.

Det vart innført krav om paralleltakst i drosjenæringa i 2011. Samtidig er det innført krav om justering av taksumeter. I løpet av 3-4 år har drosjenæringa investert i nye taksumeter og anna ustyr for meir enn 11

mill. kr, viser tal frå TTS. Dette har samtidig medført ei stor omstilling for løyvehavarane fordi det knyter seg store krav til bruken av dataverktøy og nye måtar å kommunisere på.

Utlegging av transport på anbod frå offentlege aktørar har medført at drosjetilboden i enkelte distrikt er blitt borte. Det er vanskeleg for enkeltståande løyvehavarar å tilfredsstille anbodskrava. Vi ser at turvogn er på full fart inn på denne marknaden. Krav som gjeld for turvogn er bil med minimum 10 sitteplasser, utvida førarkort for sjåfør med krav om å følgje køyre- og kviletid. Helseføretaket set heller ikkje krav om taksumeter for turvogn.

Det har synt seg at det er vanskeleg å få kjøpe ny drosjebil som er universelt utforma. Det er svært få personbilar å få kjøpt som stettar kravet til forskrifta. På vestlands-vegane ynskjer løyvehavarane å vere utsyrt med 4 hjulstrekkarar. Diverre er desse bilane vanskeleg å få universelt utforma.

Årsmelding 2011

Løyvemyndet har i mange hove gitt dispensasjon frå krava i forskrifta. Bilane får plass til rullestol, men dei vert for små til å frakte dei største elektriske rullestolane.

Tilrettelagt transport

For tilrettelagt transport (TT) vart det til kommunane i Sogn og Fjordane løyvd totalt 5,6 mill. kr i 2011. Tilrettelagt transport er transport som er tilpassa kvar enkelt brukar etter behov, der brukaren får tildelt ein sum kvart år. Løyvingane til tilrettelagt transport er fordelt på ei hovudløyving og ei ekstraløyving kvart år. Storleiken på hovudløyvinga til den einskilde kommune avheng av kommunen sitt folketal og utgjorde kr 40 per innbyggjar i 2011. Ekstraløyving vert gjort etter søknad. Det var 20 kommunar som søkte om ekstraløyving i 2011 og alle kommunane fekk den summen dei søkte om.

Serviceskyss

I 2011 var det serviceskyss i kommunane Leikanger, Balestrand, Fjaler og Gaular, Fokusprosjektet i Førde, Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Gloppen, Vågsøy, Flora, Solund og Sogndal. Det vart brukt 2,7 mill. kr til serviceskyss i 2011 – same nivå som i 2010.

Marknadstiltak

Det vart i 2008 utarbeida ein marknadsplan for samferdsla i fylket. Marknadsplanen gjaldt for perioden 2008-2010, men er utvida til å gjelde i 2011 òg. Målet med planen er å auke talet på reisande med kollektive transportmiddele i Sogn og Fjordane. Marknadsplanen inneholdt tiltak som er innmelde frå ruteselskapa, TL Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane reiselivsråd.

I 2011 vart det sett av 1,2 mill. kr til ulike tiltak. Nokre av tiltaka er:

- ✓ Bemanning av eigen stand for Sogn og Fjordane på Turistinformasjonen i Bergen (SFR), gjennomført for åttande året på rad
- ✓ Ulike profileringskampanjar. Mellom anna fekk reisemål Sunnfjord tilskot til rundtur med namnet «Sognefjorden in a

Kommunar	Tal tilrettelagde drosjer	Tal drosjer totalt
Gaular	5	8
Flora	5	14
Årdal	3	7
Gloppen	3	11
Gulen	2	7
Stryn	3	10
Vågsøy	1	9
Eid	0	8
Fjaler	2	10
Førde	2	11
Leikanger	2	3
Luster	1	7
Vik	1	4
Askvoll	1	9
Aurland	0	3
Balestrand	1	4
Bremanger	1	13
Høyanger	0	3
Jølster	1	4
Lærdal	3	4
Selje	2	5
Sogndal	2	10
Hornindal	0	2
Hyllestad	0	0
Naustdal	1	4
Solund	1	2
Totalt	43	171

Tal tilrettelagde drosjer og tal drosjer totalt i kommunane i Sogn og Fjordane.

nutshell, med Dalsfjorden og Gaularfjell»

Det vart totalt nytta kr 751 000 på tiltak under marknadsplanen i 2011. Fjord1 Explorer/rundtursal som inneber sal av rundturar via internett kom ikkje i gang.

Ruteinfo

Fylkeskommunen ytte i 2011 tilskot på til saman 1,7 mill. kr til fylkesdekkande ruteinformasjon gjennom felles rutehefte for buss, båt og ferje og til nettsida ruteinfo.net, samt til ruteopplysingtelefonen 177 for Sogn og Fjordane.


Frå 1. mai 2008 har 1881 i Lærdal drifta ruteopplysingstelenonen 177. I 2011 var det 45 856 anrop i opningstida, der 41 249 eller 90 % vart svart på, mot 87 % i 2010. Tal

Årsmelding 2011

inngåande anrop har gått ned med 7 524 samanlikna med 2010.


Kollektivtilbod; buss med godt trafikkgrunnlag

Det vart nytta 2,2 mill. kr til billigare billettar på bybussen i Førde og Florø, og auka frekvens mellom Sogndal og Leikanger. Billettprisen er kr 20 for vaksne og kr 10 for born. Utviklinga på tal reisande i Førde og Florø ser slik ut:



Som diagrammet viser aukar tal reisande både i Førde og Florø, men inntektene går faktisk ned. Billigare billettar har ikkje ført til at veldig mange fleire nyttar bybussane.

Når det gjeld auka frekvens mellom Sogndal og Leikanger er utviklinga slik på dei nye avgangane:



Den auka frekvensen byrja «gjelde frå» hausten 2010, difor er skilnaden så stor frå 2010 til 2011. Det vart oppretta fem nye avgangar frå Leikanger og fire nye frå Sogndal. Det er nokre fleire som nyttar bussen frå Leikanger enn frå Sogndal.

Universell utforming

I 2011 vart vi tildelt kr 500 000 i KID midlar frå Samferdsledepartementet til prosjektet helse/serviceskyss. I samarbeid med Helse Førde starta vi planlegging av serviceskyss i Gauldalen kommune. Helse Førde og fylkeskommunen var samde om å gå inn med kr 250 000 kvar i eigenandel. Prosjektet stranda i 2011 pga at kostnaden med skyssen vart langt høgre enn forventa, men arbeidet vert teke opp att i 2012 i ein annan kommune.

Takstar

1. januar 2011 auka takstane på enkeltbillettar og månadskort med tre prosent. Prisen på ungdomskortet var kr 350 – det same som både i 2009 og 2010.

Anbod

Båt

I 2011 vart lokalbåtrutetilbodet i Flora, Bremanger og Vågsøy lyst ut på anbod. Tabellen under viser rutene i dei ulike områda. Fjord1 Fylkesbaatane har vunne alle desse anbod.

Gulen, Solund og Askvoll
Gulen - Ytre Solund
Hardbakke - Nåra - Mjømna
Hardbakke - Kolgrov - Utvær
Gåsvær - Midtre Solund - Hardbakke
Nord Solund
Sandøy – Balandet
Alden – Værlandet
Lærdal, Vik og Høyanger
Kaupanger – Frønningen
Flåm – Balestrand
Vik – Ortnevik
Ortnevik - Måren – Nordeide
Flora, Bremanger og Vågsøy
Kystvegekspresen/Florabassenget
Måløy - Silda / Måløy – Hennøystranda
Ambulanse/liten del av Florabassenget

Med dette siste anboden har alle båtrutene i fylket vore ute på anbod. Oppstart for alle båtanboda er 1. mai 2012. Rutetilbodet i 2011 var det same som det skal vere etter 1. mai 2012.

Buss

Arbeidet med å førebu anbodsutsetting av bussrutene i fylket starta i 2011. Deler av rutetilbodet skal vere anbodsutsett tidlegast 1.5.2014. Alle fylkeskommunale bussruter skal vere anbodsutsette innan 30.4.2017.

Administrasjonen er bemanna opp med tre personar i 2011 som skal arbeide med bussanbod.

For å kunne gjennomføre anbod på buss må administrasjonen tilegne seg detaljkunnskap om rutene vi skal ha ut på anbod. Vi må ha kontroll på kvart enkelt busstopp og ikkje minst dei ulike måtane bussane kører frå til dømes Måløy og Nordfjordeid. Det er per i dag heile 12 ulike køyremønster mellom desse to stadane.

For å kunne lage ein fullverdig kravspesifikasjon må vi òg ha kunnskap om den delen av innkjøpsregelverket som gjeld buss-anbod. Med innføring av anbod på buss vil det bli heilt nye krav til økonomisk oppfølging av kontraktene. Vi går frå nettokontrakt der transportør har ansvar for inntektene til bruttokontrakt der fylkeskommunen har dette ansvaret.

Samarbeid med andre

Fylkeskommunen arrangerte rutemøte med busselskapa i 2011 og fylkeskommunen var med i Vestlandsrådet si samferdslegruppe.

Fylkeskommunen deltok ikkje på årsmøtet til Norges Taxiforbund Sogn og Fjordane i 2011.

Fylkesvegar

Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Vi nyttar ein sams vegadministrasjon for riks- og fylkesvegar i Norge. Styringa av Statens vegvesen skjer gjennom den årlege leveranseavtalen. Fylkeskommunen har eitt tett og godt samarbeid med Statens vegvesen.


Samarbeidet med Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon har fungert godt. Saman med Statens vegvesen er det innført ei ordning med samarbeidsmøte med kommunane i fylket. I 2011 vart det gjennomført samarbeidsmøte med kommunane Gulen, Vågsøy, Gloppen, Fjaler, Askvoll, Selje og Bremanger.

Handlingsprogram for fylkesvegnettet

Handlingsprogrammet for fylkesvegnettet 2010–2013 er utgangspunktet for all aktivitet knytt til fylkesvegane. Handlingsprogrammet har som mål å fullføre investeringsprosjekta Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet innan 2013. Det er i tillegg ei målsetting å stoppe forfallet på fylkesvegnettet i planperioden. Fylkestinget reviderte i april 2011 investeringsprogrammet på fylkesvegnettet. Då vart det mellom anna løyvd midlar til bygging av tunnel til Laukeland på fv. 391.

Ressursbruk

Det er vert stadig brukt meir ressursar til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det vart i 2011 nytta 322 mill. kr brutto. Dette er ein auke på om lag 80 mill. kr i høve 2010. Investeringsaktiviteten har vore høg i 2011. Samla vart det brukt 577,4 mill. kr til investeringar. Dette er ein auke på 34,4 mill. kr samanlikna med året før. Det er hovudsakleg dei store prosjekta Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet som krev store investeringsmidlar. Bygginga av Bremangersambandet vert rimelegare enn det som var lagt til grunn då prosjektet starta. Det har gjeve eit økonomisk handlingsrom til å kunne handtere fleire uføresette skader på fylkesvegnettet og gjennomføre eit høgare aktivitetsnivå på investeringane.



Store skader på fylkesveggenettet i 2011

Fleire periodar med ekstremt uvêr i 2011 ført til store skadar på fylkesvegenettet. Opprydding etter flaum og ras i mars og juli kom på 9,3 mill. kr. Det står i tillegg att arbeid for om lag 18 mill. kr. Fylkeskommunen fekk 13,5 mill. kr i skjønnsmidlar frå staten i samband med rasa og flaumane i mars og juli. Uvêret 25. desember og mildver og store nedbørsmengder 26. desember gjorde stor skade på fylkesvegnettet. Vi har førebels ikkje full oversikt over alle skadar og tilhøyrande kostnader. Den største skaden fekk vi på fv. 664 Otterdalsstranda. Der vart 1,7 km av vegen vaska vekk, og bygda Otterdal mista vefsambandet.



Skade på fv. 613 i Stryn kommune. Foto: Ole Ingar Hærid, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forfall på fylkesvegnettet

I 2010 overtok vi eit vegnett i forfall. I forslag til Norsk Transportplan 2014–23 har fagetatane rekna ut at forfallet på tunnelar, bruar og kaier på fylkesvegane våre er på 2,3 mrd. 2012-kr. Dersom vi legg til drenering,

vegfundament, murar, rekksverk mm., er totalnivået no 3,8 mrd. Det er heilt urealistisk å auke standarden utan eit eige statleg program for rehabilitering av fylkesvegnettet.

Programområde 62 Vegar

I 2011 var budsjettet på programområde 62 Vegar på 612,7 mill. kr.

Driftsutgifter til fylkesvegføremål	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Budsjett 2011
Drift og vedlikehald (netto)	225,6	284,1	284,1
Skadefond for fylkesvegenettet	0	13,9	13,9
FTU-arbeid og tiltak	3,8	5,4	6,2
Fylkesvegferjer	121,0	114,7	113,6
Tilskott til private vegar	0,5	0,5	0,5
Driftsmidlar til investering	101,2	194,4	194,4
Sum	452,1	613,0	612,7

Drift- og vedlikehald

Det var i budsjettet for 2011 sett av 284,1 mill. kr (netto) til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Rekneskapen viser eit netto mindreforbruk på 29,7 mill. kr. Dette er sett av til disposisjonsfond.

Det er fleire årsaker til mindreforbruket:

- Refusjon frå staten for skadar etter ras og flaum (skjønnnsmidlar) – 13,5 mill. kr
- Mindreforbruk på vedlikehaldstiltak – 15,1 mill. kr
- Meirinntekt frå mva.-refusjon – 6,1 mill. kr

Det er også eit meirforbruk på driftsutgifter på 5 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak kostnader knytt til ras og flaum og høgare straumutgifter enn føresett. Mindreforbruket på vedlikehaldstiltak er i hovudsak knytt til lågare prisar og mindre tilleggsarbeid enn venta, samt enkelte forseinkingar og avlyste konkurransar.

Det vart lagt 175 km nytt dekke og sett opp 12 km rekkverk på fylkesvegnettet i 2011. Tala for 2010 var 122 km nytt dekke og 6,7 km rekkverk.

Dei generelle prisane på drift og vedlikehald syner ein stor auke frå 2010 til 2011. Statens vegvesen har berekna den samla prisstigninga nasjonalt til 6,6 prosent.

Fylkesvegferjene

Det er sju fylkesvegferjesamband i fylket:

- ✓ Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella
- ✓ Daløy-Haldorsneset
- ✓ Askvoll-Atløy/Askvoll-Fure-Værlandet
- ✓ Dale-Eikenes

- ✓ Smørhamn-Kjelkenes
- ✓ Stårheim-Isane
- ✓ Måløy-Husevågøy-Oldeide

Alle sambanda oppfyller krava til opningstid og frekvens i Nasjonal transportplan 2006–2015.

Det vart nytta 114,7 mill. kr til fylkesvegferjene i 2011.

Oversikt over ferjetrafikken for 2010 og 2011:

Tekst	2010	2011	%
Bilar	350 394	366 671	4,6
Passasjerar	389 491	396 231	1,7
ÅDT	960	1 005	

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2011. Det vart i tillegg sett av 0,8 mill. kr av overførte midlar frå 2010 til Refleksprosjektet. FTU har brukt 5,4 mill. kr av disponibel ramme. Midlane er brukte slik:

- Refleksprosjektet 0,6 mill. kr
- Trafikktryggingstiltak (aksjon skuleveg) 4 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging 0,8 mill. kr

Veginvesteringar og rassikring

Samla ramme til investeringar var 551,8 mill. kr i 2011. Det var eit samla meirforbruk på om lag 25,6 mill. kr på investeringsprosjekta. Dette er i hovudsak knytt til eit meirforbruk på 71,9 mill. kr på dei store prosjekta, mindreforbruk på 25 mill. kr på mindre investeringsprosjekt og mindreforbruk på 15,4 mill. kr på gang- og sykkelvegar.

Årsmelding 2011

Meirforbruket på store prosjekt skuldast først og fremst større produksjon enn venta på prosjektet fv. 609 Dalsfjordsambandet.

Mindreforbruket var på dei mindre investeringsprosjekta og skuldast primært forseinkingar. Mindreforbruket på gang- og sykkelvegprosjekta på fv. 611 Naustdal kai–Sæle og fv. 545 Kinnvegen skuldast også forseinkingar.

Det vart nytta 69,4 mill. kr til rassikringstiltak i 2011. Dette var om lag 1,9 mill. kr mindre enn

budsjettert. Hovuddelen av rassikringsmidlane – 66,4 mill. kr – er knytt til prosjektet fv. 609 Dalsfjordsambandet.

Tabellen under syner ein nærmare oversikt over dei enkelte prosjekta (tal i 1 000-kr)

Store fylkesveganlegg	Rekneskap	Budsjett	Status
Fv. 4 Brandangersundet	9 540 328	9 693 000	152 672
Fv. 616 Bremangersambandet	119 559 835	125 128 000	5 568 165
Fv. 609 Dalsfjordsambandet	256 015 111	180 378 000	-75 637 111
Fv. 60 Olden - Innvik	49 281 719	47 290 000	-1 991 719
Sum	434 396 994	362 489 000	-71 907 994

Mindre utbetringar	Rekneskap	Budsjett	Status
Askvoll ferjekai	1 053 258	1 501 000	447 742
Sløvåg ferjeaki	8 909 576	10 000 000	1 090 424
Villevika ferjekai	608 259	1 253 000	644 741
Fv. 243 Aurland-Stegastein	164 835	2 018 000	1 853 165
Fv. 615 Seljesvora	5 681 594	3 608 000	-2 073 594
Fv. 617 Gotteberget-Kapellneset	724 679	852 000	127 321
Fv. 91 Bruland-Strandos	23 376	100 000	76 624
Fv. 572 Sandetunnelen	342 707	3 924 000	3 581 293
Fv. 50 Geitryggtunnelen	340 939	434 000	93 061
Fv. 724 Olden sentrum	5 986 867	6 974 000	987 133
Fv. 57 Sløvåg-Steine	-3 207 795	-1 614 000	1 593 795
Fv. 13 Rørvikfjellet	3 186 182	6 139 000	2 952 818
Fv. 333 Mørkridsdalen	2 283 515	2 406 000	122 485
Fv. 391 Laukeland	1 449 218	8 953 000	7 503 782
Fv. 7 Kabelferje Hisarøy	40 801	4 100 000	4 059 199
Fv. 661 Møtepl. Haugen-Espe bru	28 712	600 000	571 288
Fv. 57 Møtepl. Båteviktunnelen	295 751	500 000	204 249
Fv. 61 Maurstad-Møte grense		193 000	193 000
Fv. 365 Pilestredet bru		1 000 000	1 000 000
Sum	27 912 474	52 941 000	25 028 526

Tiltak for gående og syklande	Rekneskap	Budsjett	Status
Fv. 55 Håland - Austreim (B)	3 588 322	3 378 000	-210 322
Fv. 611 Naustdal kai - Sæle	23 738 156	31 411 000	7 672 844
Fv. 545 Kinnvegen	2 976 367	10 934 000	7 957 633
Sum	30 302 845	45 723 000	15 420 155
Trafikktryggingstiltak	Rekneskap	Budsjett	Status
Trafikktryggingstiltak	1 604 735	1 687 000	82 265
Rekkverk	1 967 158	2 037 000	69 842

Årsmelding 2011

Tiltak etter TS-synfaring med kommunar	987 385	1 234 000	246 615
Tunneltiltak	2 038 361	2 190 000	151 639
Lysetjing av gangfelt	804 587	1 355 000	550 414
Fv. 481 Angedalsvegen fartsdempande tiltak	657 517	700 000	42 483
Sum	8 059 743	9 203 000	1 143 257
Kollektivtrafikk	Rekneskap	Budsjett	Status
Busslommer og leskur	1 125 842	936 000	-189 842
Universell utforming	414 151	651 000	236 849
Busslomme Rivedal	138 653	1 000 000	861 348
Sum	1 678 645	2 587 000	908 355
Planlegging	Rekneskap	Budsjett	Status
Planlegging	5 620 565	7 509 000	1 888 435
Sum	5 620 565	7 509 000	1 888 435
Rassikring	Rekneskap	Budsjett	Status
Fv. 609 Dalsfjordsambandet	66 400 000	66 400 000	0
Fv. 53 Naustbukttunnelen	8 590	569 000	560 410
Fv. 55 Gullringen	497 750	300 000	-197 750
Fjellreinsk og isnett Fjordane	2 002 398	3 400 000	1 397 602
Fv. 152 Algøya	430 429	300 000	-130 429
Fv. 55 Ulvåna	23 844	150 000	126 156
Fv. 55 Rasvoll Lånefjorden	6 898	150 000	143 102
Fv. 92 Bjordal-Matre	52 020	100 000	47 980
Sum	69 421 930	71 369 000	1 947 070
Totalt	577 393 196	551 821 000	-25 572 196

Store vegprosjekt

Fv. 4 Brandangersundet

Prosjektet er ferdig og vegopning var 4. november 2010. Det er 0,15 mill. kr i mindreforbruk på prosjektet.

Fv. 616 Bremangersambandet

Bremangersambandet kortar ned vegen fra Bremangerlandet til Svelgen med 40 km (ca. 45 min), og fører til at ein kan legge ned ferja mellom Kjelkenes og Smørhamn.

Sambandet omfattar utbetring på strekninga Kolset–Leirgulen inkludert gang-/sykkelveg (skuleveg), utbetring av to krappe kurver og tunnelen på strekninga Leirgulen–Bortnen, og ny veg og tunnel frå Bortnen til Sørdalsvatnet.

I april vedtok fylkestinget (FT-sak 6/11) at «Ramma til Bremangersambandet vert utvida tilstrekkelig til at ein kan utbetre attståande parsellar på fv. 614 Leirgulen – Bortnen».

Sjølv med denne utvidinga av prosjektet vart det samla kostnadsoverslaget på prosjektet i 2011 justert ned frå 537 mill. kr til 515 mill. kr. Mindreforbruket i 2011 på 5,6 mill. kr skuldast periodisering av utgiftene.

Fv. 609 Dalsfjordsambandet

Dalsfjordsambandet kryssar kommune-grensa mellom Askvoll og Fjaler, og er hovudsambandet mellom dei to kommunane. Sambandet er ein del av fylkesvegnettet. Dalsfjorden er i dag ein trafikal barriere for kontakt på tvers av fjorden. Dagens ferjesamband mellom Eikenes og Dale har ein trafikk på berre 45 køyretøy pr. døger, medan trafikken på tilgrensande vegnett på nordsida av fjorden ligg på 400 – 500 køyretøy pr. døger og

trafikken på sørsida ved Dale er om lag 1000 køyretøy pr. døger. Trafikken på ferja er låg til å ende midt i eit senter. Dette skuldast dels at sambandet i dag har låg frekvens (7 daglege turar) og lang overfartstid (25 min) og dels at ferjesamband vert oppfatta som eit lite attraktivt transporttilbod.

Realisering av Dalsfjordsambandet vil gje betre kommunikasjon i regionen Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund, men særleg gje betre kommunikasjon og kortare reisetid mellom Askvoll og Fjaler. Sambandet skal medverke til auka busetting og sysselsetting, samt betre tenestetilbod.

Den første av totalt tre entreprisar på Dalsfjordsambandet vart tildelt i 2010. Den inkluderer bygging av 5,2 km veg i dagen og til saman 4,2 km tunnel på begge sider av Dalsfjorden, inklusiv rassikring av Nishammaren. Dalsfjordsambandet skal etter planen stå ferdig seinst på hausten 2013. Meirforbruket i 2011 på 75,6 mill. kr skuldast raskare framdrift i høve til det som var føresett.

Fr. 60 Olden - Innvik

I 2010 vart omlag 500 m av vegstrekninga mellom Agjeld og Ugle utbetra. Hausten 2010 var det oppstart av Holentunnelen, samt utbetring av om lag 1,3 km veg i dagen. Veganleggget vart ferdig 1. juli og

Nøkkeltal for fylkesvegnettet

Tabellen under viser ein del nøkkeltal for fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane pr. 31.12.11.

Nøkkeltal	2008	2009	2010	2011*
Fylkesveglengde, km	1 443	1 443	2 577	2594
Tal køyretøy i Sogn og Fjordane	100 225	102 761	105 618	108 433
Tal personbilar i Sogn og Fjordane	48 227	49 161	50 559	51 689
Trafikkulykker med personskader totalt i fylket*	159	156	129	63
Trafikkulykker med personskader på fylkesveg *	19	15	48	31
Tal km nytt rekkverk			6,7	12
Tal km nytt dekke			122	175
Spordjupne på dekke mm	27,8	25,3	19,6	19,5
Jamnheit (IRI-verdi)	5,5	5,3	5,1	5,1
Aksellast 10 tonn utanom teleloysinga, i %	73	73,3	85,8	85,8
Tunnelar med fri høgd under 4 m:				
Tal	9	9	17	17
Samla lengde, meter	5 826	5 826	8 572	8572

Holentunnelen vart opna for trafikk 11. oktober. Mindreforbruket i 2011 på 2 mill. kr skuldast at løyvinga til prosjektet ikkje var tilpassa den framdrifta som var føresett.

Vegopning

I 2011 opna fylkeskommunen følgjande ferdigstilte prosjekt på fylkesvegnettet:

- Fv. 724 Olden Sentrum
- Fv. 611 Naustdal kai - Sæle



Opning av Naustdal kai – Sæle: Alle elevane ved Naustdal barne- og ungdomsskule tok vegen i bruk då dei kom gåande til opningsseremonien. (Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Årsmelding 2011

*) Då det erfaringsvis blir rapportert inn nokre ulykker inn i påfølgjande år tek vi atterhald om at endeleg tal ulykker kan bli noko høgre.

Tala må sjåast i lys av at fylkeskommunen overtok 1 134 km med tidlegare riksvegar frå 1. januar 2010.

Det er lagt 175 km nytt dekke på fylkesveg i 2011. Forventa levetid på dekke vi la i 2011

er ca. 20 år. Dersom det vert loyvd like mykje til dekkelegging framover som det er loyvd i 2011, vil det gå om lag 15 år før det er lagt nytt dekke på alle fylkesvegane.



Bygging av brufundament på Dalsfjordbrua. Foto Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkestingssaker for samferdsle

- | | |
|-----------|---|
| SAK 5/11 | Forskottering av midlar til planarbeid i 45-minuttsregionen |
| SAK 6/11 | Revisjon av investeringsprogrammet på fylkesvegnettet |
| SAK 13/11 | EMV sertifisering av elektroniske billettmaskiner |
| SAK 17/11 | Søknad om skuleskyss med båt Vik – Sogndal |
| SAK 26/11 | Utbetring av kryss mellom rv. 5 og fv. 211 i Sogndal - forskottering |
| SAK 27/11 | Riksvegbudsjett 2012 2 høyring |
| SAK 29/11 | Utbetring av Undalstunnel på fv. 57 |
| SAK 31/11 | Status for prosjekt Kabelferje Hisarøy |
| SAK 32/11 | 45-minuttregionen - tilslutning til bompengefinsansiering av Kystvegen |
| SAK 39/11 | Stad Skipstunnel - søknad om støtte |
| SAK 47/11 | Retningslinjer for innløysing av bustad i framtidige veglinjer på fylkesvegnettet |

Saksoversyn 2011

SAK 1/11	Høyingsnotat - Forslag om endring av vegtrafikklova § 40
SAK 2/11	Serviceskyss 2011
SAK 3/11	Retten til full skyggodtgjersle i vidaregåande opplæring - høyring
SAK 4/11	Ferjekai i Villevika, klage på vedtak i hovudutval for samferdsle
SAK 5/11	Fylkesbudsjett 2011 - "Til fordeling - vegsektoren" 1. fordeling
SAK 6/11	Fylkesbudsjett 2011 - Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg
SAK 7/11	Fylkesbudsjett 2011 - Midlar til mindre rassikringstiltak
SAK 8/11	Ekstraløyving - busstilbodet 2011
SAK 9/11	Skriv og meldingar
SAK 10/11	Kjøp av person og godsrutetransport 2011
SAK 11/11	Forskottering av midlar til planarbeid i 45-minuttsregionen
SAK 12/11	Søknad om skuleskyss med båt Vik – Sogndal
SAK 13/11	Nasjonale føringer for fylkesvegnettet, høyring nasjonale føringer for minimumsstandard på fylkesveg m.m.
SAK 14/11	FV60 - Namn på to nye tunnelar
SAK 15/11	EMV sertifisering av elektroniske billettmaskiner
SAK 16/11	Ny driftskontrakt for HAFS for perioden 2012 - 2017. Standard på drifts- og vedlikehaldsoppgåver
SAK 17/11	Skriv og meldingar
SAK 18/11	Søknad om ruteløyve med båt
SAK 19/11	Søknad om endra ruteperiode for ruteløyve med fartøy
SAK 20/11	Revisjon av investeringsprogrammet på fylkesvegnettet
SAK 21/11	Søknad om skuleskyss med båt Vik - Sogndal
SAK 22/11	Årsmelding 2010
SAK 23/11	Namnesak - endring av skrivemåte på bruer i Bremanger
SAK 24/11	Bruk av marknadsmidlar 2011
SAK 25/11	Skriv og meldingar
SAK 26/11	Tilbakekalling av selskapsvognløyve
SAK 27/11	Utbetring av Undalstunnel på fv. 57
SAK 28/11	Status for prosjekt Kabelferje Hisarøy
SAK 29/11	Redusert fartsgrense fylkesveg 337 på Veitastrond - Luster kommune
SAK 30/11	Utbetring av kryss mellom rv 5 og fv 211 i Sogndal – forskottering
SAK 31/11	Riksvegbudsjett 2012 – høyring
SAK 32/11	Fylkeskommunalt tenestenivå på rutebiltenester
SAK 33/11	Driftskontraktar for elektroarbeid på fylkesvegnettet 2012 - 2017
SAK 34/11	Tertiarrapport 1/11
SAK 35/11	45'minuttregionen - tilslutning til bompengefinansiering av Kystvegen
SAK 36/11	Søknad om prosjekteigarskap og finansieringsbidrag av Prosjekt Stad Skipstunnel
SAK 37/11	Skriv og meldingar
SAK 38/11	Tilbakekalling av selskapsvognløyve
SAK 39/11	Namn på bru og tunnelar på fv. 609 Dalsfjordsambandet, kommunane Askvoll og Fjaler
SAK 40/11	Søknad frå Lusterrutene v/Mads Bækkelund om løyvefritak
SAK 41/11	Endring av rabattsatsar for minoritetsspråklege elevar i fylket
SAK 42/11	NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i heile landet Høyring
SAK 43/11	Budsjett 2012/Økonomiplan 2012/15; Utfordringar og satsingar
SAK 44/11	Skriv og meldingar

Årsmelding 2011

- SAK 45/11 Midlar til "Tilrettelagd transport" 2011
- SAK 46/11 Klage på tilbakekalling av selskapsvognløyve - handsaming i underinstans
- SAK 47/11 Endring av rabattsatsar for minoritetsspråklege elevar i fylket
- SAK 48/11 Budsjett 2012 – Samferdsle
- SAK 49/11 Tertialrapport 2/11
- SAK 50/11 Vestlandsrådet - Handlingprogram 2012-2015 til transportplanen 2007 - 2019. Fråsegn
- SAK 51/11 Interoperbaritetsystem for kollektivtrafikken
- SAK 52/11 Forskottering av midlar til planarbeid på fv. 60 Hornindal - Møre grense
- SAK 53/11 Fv 616 Bremangersambandet Fastsetting av namn på tunnel
- SAK 54/11 Retningslinjer for innløysing av bustad i framtidige veglinjer på fylkesvegnettet
- SAK 55/11 Skriv og meldingar
- SAK 56/11 Budsjett 2012 – Samferdsle
- SAK 57/11 Offentleg høyring på Vegdirektoratet sitt forslag til bruforskrift for fylkesveg bærande konstruksjon på fylkesveg (bruforskrift for fylkesveg)
- SAK 58/11 Skriv og meldingar
- SAK 59/11 Møteplan 2012 - Samferdsle
- SAK 60/11 Søknad om fornying av ruteløyve Solvorn – Ornes
- SAK 61/11 Takstar og rabattar for rutedrifta 2012
- SAK 62/11 Søknad om driftstiltskot til luftputebåten Veitastrand
- SAK 63/11 Fylkeskryssande bussruter - orientering og vegen vidare
- SAK 64/11 Søknad om løyve eller løyvefritak til å drive turistrute mellom Bergen og Flåm
- SAK 65/11 Budsjett 2012/Økonomiplan 2012-15
- SAK 66/11 Skriv og meldingar
- SAK 67/11 Regional planstrategi - høyring, analyse- og utfordringsdokument

Målekart – samferdsle

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2011.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET	
T1	Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande kollektivtilbod
T1-1	Måleindikator: Jamlege brukarundersøkingar Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T2	Kritisk suksessfaktor: God informasjon til publikum om kollektivtilboden
T2-1	Måleindikator: Jamlege brukarundersøkingar Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T2-2	Måleindikator: Bruken av ruteopplysingstelefonen 177, ruteinfo.net og ungtransport.no I 2011 var det 45 856 anrop på 177. Tall anrop har gått ned med 7 524 samanlikna med 2010. Ruteinfo.net hadde 329 000 treff i 2011.
T3	Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande skuleskyss
T3-1	Måleindikator: Jamlege spørjeskjema til kommunane Sektoren samferdsle har ikkje sendt spørjeskjema til kommunane for 2011.
T3-2	Måleindikator: Jamlege spørjeskjema til elevar i vidaregåande skule Ikkje sendt spørjeskjema til elevar i vgs i 2011
T4	Kritisk suksessfaktor: Tilbod til ungdom
T4-1	Måleindikator: Prosentdel ungdom i alderen 16-19 år som nyttar ungdomskort I 2011 vart det i snitt seld 1 053 oblat til ungdomskort per månad, ein nedgang frå 1141 i 2010. 16,2 % av ungdommen i alderen 16-19 år i Sogn og Fjordane nyttar ungdomskortet i 2011, ein liten nedgang på 5,48 % frå året før.
T4-2	Måleindikator: Tal brukarar av Trygt heim for ein 50-lapp «Trygt heim for ein 50-lapp» hadde 7 973 passasjerar i 2011, som er ein liten auke mot året før. I tillegg nyttar 887 passasjerar sommar tilboden «Trygt heim».
T5	Kritisk suksessfaktor: Tilbod om tilrettelagt transport (TT)
T5-1	Måleindikator: Tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i alle kommunar Det var 43 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2011, som er ein nedgang på 4 frå året før. Delen av tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar var 25 pst. i 2011. Kommunane Hornindal, Aurland, Høyanger, Eid og Hyllestad har ikkje tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar.
T5-2	Måleindikator: Tilskot til tilrettelagt transport Det vart løyvd totalt 5,5 mill. kroner til tilrettelagt transport i 2011.
T6	Kritisk suksessfaktor: God framkome på fylkesvegnettet
T6-1	Måleindikator: Løyvingar til drift- og vedlikehald på fylkesvegnettet Det vart løyvd 332,2 mill. kr til drift- og vedlikehald, ein auke på 58,9 mill. kr frå 2010.
T7	Kritisk suksessfaktor: Høg trafikktryggleik
T7-1	Måleindikator: Antal drepne og hardt skadde på fylkesvegnettet 31 ulukker med drepne og hardt skadde personar
T8	Kritisk suksessfaktor: God tilrettelegging for gående og syklande
T8-1	Måleindikator: Gang- og sykkelveg langs fylkesveg med ein årsdøgntrafikk på meir enn 1 000 kjt/d etter krava i vegnormalane. Ingen nye gang- og sykkelvegar langs fylkesveg med ein årsdøgntrafikk på meir enn 1 000 kjt/d i 2011. Opna ny gang- og sykkelveg på fv. 611 Naustdal kai – Sæle.
T8-2	Måleindikator: Temaplan for gang- og sykkelveg Ikkje utarbeidd, vil bli tema i ny Regional transportplan.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR	
R1	Kritisk suksessfaktor: Tilrettelegging for bussanbod
R1-1	Måleindikator: Sikre oss disposisjonsretten på terminalane Starta opp arbeidet i 2011 – intern arbeidsgruppe samferdsle og bygg og eigedom. Arbeidet blir slutført i løpet 2012.
R1-2	Måleindikator: Starte arbeidet med å definere nivå på tenestene Ruteproduksjonen skal vidareførast på dagens nivå – ca. 11 mill. vognkm.
R1-3	Måleindikator: Val av type kontrakt ved bussanbod Det er drøfta, men ikkje endeleg konkludert. Vil konkludere i løpet av våren 2012.
R2	Kritisk suksessfaktor: Samarbeid med ruteselskapa, drosjenæringa, kommunane og andre aktørar
R2-1	Måleindikator: Ruteplanarbeid Gjennomført rutemøte. Kommunane har fått høve til å kome med innspel.
R2-2	Måleindikator: Fylkeskommunen opprettheld sine forpliktingar i høve avtalar som er inngått Alle forpliktingar i inngåtte avtalar er oppretthaldne.
R2-3	Måleindikator: Jamlege møte med drosjenæringa Møte med drosjesentralar
R3	Kritisk suksessfaktor: Samarbeid i Vestlandsrådet (samferdslegruppa)
R2-1	Måleindikator: Jamlege møte Nestleiar i samferdsleavdelinga deltok på møte og telefonmøte i Vestlandsrådet si samferdslegruppe.
R4	Kritisk suksessfaktor: Marknadstilpassa tilbod innan samferdsla i fylket
R4-1	Måleindikator: Årleg justering av eksisterande tilbod Rutetilboden vart vidareført i 2011 med nokre endringar. Det vart gitt eit tilskot på kr 100 000 til Firda Billag fram til 1. mai for å oppretthalde bussruta Byrkjelo-Sandane-Nordfjordeid-Stryn-Førde. Nemnde rute er del av ruteopplegget til ekspresbussen Bergen-Trondheim. Etter 1. mai gjekk ruta til Sandane, men og vidare til Eid dersom passasjerar. Fylkeskommunen ytte eit tilskot til båtruta frå Aurland - Sogndal på kr 728 000 i 2011, tilsvarande kostnaden med skulebuss frå Flåm til Sogndal. Fylkeskommunen vidareførte ordninga med båtruta frå Atløy til Askvoll i korrespondanse med buss til Dale vidaregåande skule.
R4-2	Måleindikator: Tal passasjerar eksklusiv skuleelevar Tal passasjerar på bussruter med fylkeskommunalt tilskot utanom skuleskyss var for 2011 på 1 590 758, som var ein nedgang på 11 810 passasjerar frå 2010. I 2011 reiste 516 983 passasjerar med båtrutene utanom skuleskyss, ein auke med 17 174 frå 2010. Snøggbåtrutene mellom fylket og Bergen hadde 311 173 i høve passasjerar i 2011, ein liten reduksjon i høve 2010. (312 403 passasjerar) i 2010.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI	
Ø1	Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring
Ø1-1	Måleindikator: Avvik mellom budsjett og rekneskap Mindreforbruk på 5,5 mill. kr tilsvarande om lag 0,5 % avvik
Ø2	Kritisk suksessfaktor: Effektiv produksjon av kollektive tenester – høg utnyttingsgrad
Ø2-1	Måleindikator: Kostnad per produsert eining I 2011 var km - kostnaden for fylkeskommunen sitt kjøp av tenester frå rutebilselskapa kr 23,86 pr. km. Km - kostnaden var 3,85 pst. høgare i 2011 enn i 2010.
Ø2-2	Måleindikator: Beleggsprosent på kollektive transportmiddelet Beleggsprosent på buss var i 2011 på 24,6 – ein nedgang frå 26,4 i 2010. Beleggsprosent på båt var i 2011 på 24,1 – ein nedgang frå 26,8 i 2010.
Ø3	Kritisk suksessfaktor: God gjennomføring av investeringar og drifts- og vedlikehaldstiltak
Ø3-1	Måleindikator: Gode styrings- og rapporteringsrutinar for store vegprosjekt og drifts- og vedlikehaldstiltak Styring og rapportering utført i samsvar med leveranseavtale 2011.